

## Båtopptrekket i Botnen

Etter konsesjonspålegg på 1960 talet, vart det oppretta to båtopptrekk ved Røldalsvatn, eit i austenden ved Lynghammar og eit i Botnen.

Opptrekket i Botnen synte seg straks å vera svært lite gjennomtenkt:

For det fyrste ein hengbratt skråning der erosjonen frå bølger grov under skinnegangen. Så når vinteren kom, og det la tjukk is på vatnet, vart problemet endå verre. Ved nedtapping av magasinet reiv og sleit isen skinnegang og sviller frå kvarandre. Dei fyrste åra tok den lokale ledelsen i Hydro Røldal - Suldal dette på alvor, og fleire vingar hadde hydromannskap ansvar med å utbeta skader. Men etter 1990 vart det ny ledelse lokalt i Hydro, og då vart det fastslått at Hydro ikkje hadde konsesjonsforpliktelse til å vedlikehalda båtopptrekka. Dette skulle vera Røldalsbygda sitt ansvar. No er opptrekket eit ubrukande og skjemmande syn.

Det er og svært farlege forhold nær båtopptrekket: Utløpet frå Røldalsvatn og inntaket rett utforbi lukehuset på Hujenes.

Slik me ser det, er den einaste plassen å få til båtutkjøring i vestenden, inne ved Holmane. Grunneigar er Nils Ove Botnen.



Onsdag 23. september 1992.

Når kraftstasjonen i Suldal går for fullt lagar det seg ei stor ia, ca. ein meter i diameter, over inntaksholet rett utforbi lukehuset på Hujenes.

Eit stort og farleg inntakshol som svært få i Røldal kjenner til.